

Fotball
Tivoli
Utedans

STORDALS CUP




1. – 3. juli

2011

Bli med på festen over alle festar

- 950 fotballspelarar
- Bergströms Tivoli
- Grill
- Sal- og utstillingsmesse
- Loppemarknad
- Konsertar
- Bruskassestabling
- Aktivitetar og konkurransar
- Stor utedans med “Crashville”
på Kirkebø Stadion
laurdag 2. juli, 22:00–02:00




Stordal
www.barnaskommune.no

www.stordalscup.no



SPAREBANKEN MØRE

Det skjer i Stordal...



Stordalscup 2011 vert tradisjonen tru, opna med karnevalstog frå sentrum og opp til Kirkebø stadion. Stordal Hornmusikklag spelar, og vel framme på stadion vert det gratis is til borna frå Barnas kommune ved grilltellet.

Før A-lagskampen Stordal – Harøy, vil det bli trommekonsert på utescena, eit resultat av Stomp- prosjektet frå Barnas Supersommar. I pausen på fotballkampen blir det relansering av Stordal IL sin eigen fotballsong, "Sambafotball". Etter kampen blir det show frå utescena, med musikk og dans i regi av Barnas Supersommar! Kvelden vert avslutta med minikonsert av den lokale gruppa LADY WRITERS.

Barnas supersommar er i regi av Barnas kommune, og vil i år vere ei utviding av det som tidlegare har blitt kalla Barnas aktivetsveke. Gjennom heile sommaren vil ein få oppleve mange ulike aktivitetstilbod for alle, uansett alder og interesse. Under Stordalscup vil vi få sjå innslag frå scena i Stordalshallen, der born og unge frå Stordal medverkar med song, dans og musikk.

Crashville spelar opp til stor utedans på Kirkebø stadion laurdag 2. juli. Det Ørsta-baserte countrybandet slepte si første plate i vår, og berre ein månad etter toppa karane Norsk Country Radio si ti på topp-liste! Debutalbumet ber den passende tittelen "Fyrste Reis", og består av eit knippe eigenproduserte låtar som er inspirert både av den tradisjonelle countrymusikken og av livet i heimbygda. Karane syng på klingande Ørsta-dialekt og ynskjer å skrive songar som folk kan kjenne seg att i. Gjennom åra har bandet fylt både små og store lokale over heile vestlandet, og no er dei klare til å ta resten av landet med storm. Crashville er i ferd med å etablere seg som eitt av Noreg sine fremste countryband.

Bandet består i dag av Svein Ivar Holen (gitar/vokal), Tom André Holen (bass), Hans-Christian Humberstet (el-gitar) og Øystein Nybø (trommer).

Bergstrøms Tivoli kjem sjølvsagt til Stordalscup, og i år med endå betre tivoli! Vi kjenner Bergstrøms Tivoli godt etter fleire år på Stordalscup, og dei som har vore på Norway Cup i løpet av dei siste 20 åra har sikkert også vore innom dei der. Til Stordalscup kjem dei med mellom anna bilbane som i fjor, spøkelsesslott er sjølvsagt med, og i tillegg ei ny sklie – heile 12 meter høg!

Loppemarknad har vi også på Stordalscup! På vår store loppemarknad i Grendasalen kan du gjere eit kjempekupp! Loppemarknaden er open laurdag og søndag frå kl 11:00. Har du lopper heime som du vil bli kvitt, så kan dei leverast på Grendasalen 28.juni, 29.juni og 30.juni frå kl 18:00-21:00.

Stordalscup har eigen stand ved inngangen til Stordalshallen. Her får du høve til å kjøpe årets cup t-skjorte og caps, samt CD med den relanserte supportersongen til Stordal IL, "Sambafotball". Du kan kjøpe lodd frå cup-lotteriet, som har mange flotte gevinstar, og du har høve til å ta ut kontantar. Har du spørsmål i samband med arrangementet, hjelper vi deg gjerne, så berre ta turen innom!

Aktivitetar og konkurransar har vi mange av! Vestnes bueskyttere hjelper deg med BOGESKYTING, og her kan du teste konsentrasjonen og treffsikkerheita di. Du kan også prøve deg på MINIGOLF, LASERMÅLING av skotstyrke, samt SHOOT OUT (presisjonsskyting). Søndag 3. juli kl 14:00 kan du prøve deg på BRUSKASSESTABLING.



Det skjer i Stordal...

Program

Fredag 1. juli

- 17:00 Karnevalstog
Frå sentrum og fram til Kirkebø stadion med Stordal Hornmusikklag
Gratis is til borna frå Barnas Kommune ved grilltellet
Bergstrøms Tivoli
Kiosksal og grill
- 17:45 Stomp! Trommekonsert på utescena
Vi får høyre resultatet av Stomp- prosjektet frå Barnas Supersommar!
- 18:15 A-lagskamp Stordal – Harøy
- 19:00 Relansering av "Sambafotball" – Stordal IL sin supportersong
- 20:00 Show med musikk og dans i regi av Barnas Supersommar!
- 21:00 Minikonsert med gruppa LADY WRITERS

Laurdag 2. juli

- 09:30 Fotballturnering
- 10:00 Stor utegrill, kafé og kiosk
Bergstrøms Tivoli
Sal- og utstillingsmesse
- 11:00 Kjempestor loppemarknad!
Inngang frå kaféen inne i hallen.
Aktivitatar og konkurransar
- 13:00 Minikonsert i Stordalshallen
– vi får høyre resultatet av musikkseminara frå Barnas Supersommar!
- 15:00 Minikonsert i Stordalshallen
– vi får høyre resultatet av musikkseminara frå Barnas Supersommar!
- 17:00 Dagens trekning på inngangslotteri i Stordalshallen
Premie: Hjørundfjordcruise for to frå 62° Nord
- 22:00-02:00
Stor utedans med Crashville på Kirkebø stadion!

Søndag 3. juli

- 09:30 Fotballturnering
- 10:00 Stor utegrill, kafé og kiosk
Bergstrøms Tivoli
Sal- og utstillingsmesse
- 11:00 Kjempestor loppemarknad!
Inngang frå kaféen inne i hallen. Nye lopper også på søndag!
Aktivitatar og konkurransar
- 13:00 Minikonsert i Stordalshallen
– vi får høyre resultatet av musikkseminara frå Barnas Supersommar
- 14:00 Bruskassestabling
- 15:00 Minikonsert i Stordalshallen
– vi får høyre resultatet av musikkseminara frå Barnas Supersommar
- 16:00 Dagens trekning på inngangslotteri i Stordalshallen
Premie: Hjørundfjordcruise for to frå 62° Nord
Trekning cuplotteri i Stordalshallen

Turnering, messe og aktivitatar sluttar kl 18:00



Det skjer i Stordal...

Sal- og utstillingsmesse:

Firma	Produkt
Enjo	Microfiber kluter/mopper
P.Øie	Sykler og tilbehør
Brito Spekemat	Pølser/spekemat
Storfjordnytt	Aviser/abonnement
Bella Rosa	Pynteting, servise, smykker, treleiker, skjerf
Hagels Agentur Svein Dalen	Sukkerspinn/snop etc. Våpenskap, våpen, kikkertsikte m.m.
Åse Oppskar	Tupperware
Bodil Yksnøy	Oriflame
Smuget	Dame og herreklær
Anita Ringmo	Bunader
Comet Sport	Fotballutstyr
Stordalscup	Cup T-skjorte, Caps, lotteri, minibank
Incaico Import	Heliumballonger, T-skjorter, diverse
Bente Sæter	Dukker, dukkeklær, diverse
Grete Hove	Smykker, øredobber, armbånd
Polarbad Vest	Utendørs massasjebad/boblebad, grillhytte
Centine Brauns	Smykker
Profil X	Fritidsklede etc.
Motorforum	Bilar
Sjøholt Maskin	Felles stand med salg av verneutstyr,
Stordal skogeigarlag	kapp/kløyveutstyr m.m.
Remseth Maskin	
Høgre	Stand
Arbeidarpartiet	Stand
Kristeleg	Stand
Folkeparti	
Senterpartiet	Stand
Fremskrittspartiet	Stand

Støttespelarar:



Stordal Kommune

